



16 DES. 1997



ÅRSMELDING 1996 FOR  
FISKERIRETTLEIAREN  
I  
ASKVOLL,  
FJALER OG HYLLESTAD



(c) Leif Grane


Bilde fra Bulandet i Askvoll kommune.



3807/ 6 4303

# Innhold

<b>EI ORIENTERING OM DISTRIKTET</b>	<b>3</b>
<b>KART OVER KOMMUNANE</b>	<b>5</b>
<b>1.0 SAMANDRAG</b>	<b>6</b>
<b>1.1 OPPDRETT</b>	<b>6</b>
<b>1.2 FISKE</b>	<b>6</b>
<b>GRAFISK PRESENTASJON AV FISKARMANNTALET BLAD A OG B</b>	<b>8</b>
<b>2.0 SYSSELSETTE I NÆRINGA</b>	<b>9</b>
<b>2.1 SYSSELSETTE I FISKEFLÅTEN</b>	<b>9</b>
<b>2.2 SYSSELSETTE I FISKEINDUSTRIEN</b>	<b>10</b>
<b>2.3 SYSSELSETTE I HAVBRUKSNÆRINGA</b>	<b>11</b>
<b>3.0 FISKEFLÅTEN</b>	<b>12</b>
<b>3.1 LEVERANSAR FRÅ DEN LOKALE FISKEFLÅTEN</b>	<b>14</b>
<b>3.1.1 ASKVOLL</b>	<b>14</b>
<b>3.1.2 FJALER</b>	<b>15</b>
<b>4.0 FISKEINDUSTRIEN</b>	<b>15</b>
<b>6.0 HAVBRUKSNÆRINGA</b>	<b>16</b>
<b>9.1 PRODUKSJON I HAVBRUKSNÆRINGA</b>	<b>18</b>
<b>7.0 ANDRE OPPLYSNINGER</b>	<b>18</b>



Makrell (*Scomber scombrus*)

## EI ORIENTERING OM DISTRIKTET

### ASKVOLL KOMMUNE

Askvoll som er ein typisk kystkommune i Sogn og Fjordane med ca. 870 øyar og skjær, kan totalt sett reknast som den tredje største fiskerikommunen i fylket.

Askvoll kommune er dominert av fjell, jordbruksområde og livskraftige øysamfunn. Ein tredjepart av innbyggjarane i Askvoll bur på nokre av dei 870 øyane i kommunen som utgjer 21,18 % av det totale flateinnhaldet på ca. 321 m<sup>2</sup>. Dei største øyane i kommunen er Atløy, Værøy, Tviberg, Alden og Bulandet (som er ei øygruppe der dei fleste øyane har veiforbindelse med kvarandre). Bulandet har elles ca. 365 øyer, holmer og skjær.

Kontoret til fiskerirettleiaren for Askvoll, Hyllestad og Fjaler er som kjent plassert i Askvoll sentrum i lag med Kultur- og næringskontoret.

Folketalet i Askvoll var ved utgangen av 1996 **3465 innbyggjarar** og folketalsutviklinga i kommunen syner ein jevn nedgang sidan endring av kommunegrensene mot Fjaler i 1991.

Askvoll har relativt stor mangel på arbeidsplassar for kvinner med høgare utdanning noko som er ein medvirkande faktor til eit kvinneunderskot i kommunen. I 1996 var det 85,9 kvinner i alderen 20-39 år pr. 100 menn i Askvoll.

Dei største enkeltverksemdene i Askvoll er Klausen Mekaniske Verkstad A/S og Helle Fabrikker A/S med til saman ca. 130 arbeidsplassar. Innan fiskerirelaterte verksemdar må ein elles nemne Sigurd Løkeland Hermetikkfabrikk, Bulandet Fiskeindustri A/S og Sund Fisk A/S som må reknast som relativt store (10 - 20 ansatte).

### FJALER KOMMUNE

Før kommunereguleringa hadde ikkje Fjaler kommune nokon lang grense mot sjøen. Etter kommunereguleringa i 1991 fekk Fjaler derimot 3 fleire oppdrettsanlegg og ein god del fiskarar samt eit kystområde som praktisk talt går ut mot havet. Etter kommunereguleringa i 1991 har Fjaler fleire fiskebåtar og yrkesaktive fiskarar enn Hyllestad.

Det er ein kommune med variert natur og næringsliv som satsar på å marknadsføre seg sterkt som ein kulturkommune. Som den einaste kommunen i landet er Fjaler vertskommune for UWC (United World College). Elles er det i regi av Nordisk Råd bygd eit kunstnarsenter (Dalsåsen) som skal huse kunstnarar frå Norden og på den måten danna eit kunstnarmiljø i kommunen. Fjaler er og heimkommunen til den kjende diktaren Jakob Sande.

Innbyggjartalet var ved utgangen av 1996 **3047 personar**. Fjaler er som dei andre kommunene i regionen prega av eit kvinneunderskot. I 1996 var der 82,8 kvinner pr. 100 menn i aldersgruppa 20-39 år.

I dei fleste kystkommunane har fiske og landbruk tildegare vore ein viktig kombinasjon, den såkalla "fiskarbonden". Fiskeriaktiviteten i Fjaler er meir prega av denne kombinasjonen enn i Askvoll der storparten av fiskarane har fiske som eineyrke. Fjaler (Korssund/Folkestad) har også eit aktivt brislingfiskarmiljø.


## HYLLESTAD KOMMUNE

Hyllestad vert som Askvoll geografisk å rekna for ein kystkommune, men dei heilt typiske kystområda med øyer og skjær er begrensa til den nordvestlege delen av kommunen. Lihesten i Hyllestad er eit av dei mest kjende landemerka i distriktet. Næringslivet i Hyllestad er prega av jordbruk, industri (Kverner Leirvik) og oppdrett. Det er no ikkje mange igjen i Hyllestad som livnærer seg av fiske (blad A og B).

Hyllestad er den største oppdrettskommunen i denne regionen (Askvoll, Fjaler og Hyllestad) med 6 matfisk og 6 klekkeri/settefiskkonsesjonar.

Kystlina langs fastlandet i Hyllestad er 118 km lang og kommunen har eit flateinnhald på ca. 260 km<sup>2</sup>.

Folketalet i Hyllestad ved utgangen av 1996 **1677 innbyggjarar**. Sjølv om folketalet i Hyllestad har svinga både på pluss og minussida dei siste 5 åra, har talet på innbyggjarar totalt sett gått jamt nedover. Hyllestad har også eit stort kvinneunderskot, og i aldersgruppa 20-39 år var det i 1996 81,1 kvinner pr. 100 menn.



Kveite (*Hippoglossus hippoglossus*)

Kart over kommunane.




Fig. 1

## 1.0 SAMANDRAG

### 1.1 OPPDRETT

Interessa for oppdrett av skaldyr har vore aukande dei siste åra. I Askvoll, Hyllestad og Fjaler fekk vi fleire nye konsesjonar for oppdrett av skjel og marine artar.

Oppdrettsnæringa er stadig i endring mot større eigarselskap som kontrollerer fleire konsesjonar. Dette merka vi også i desse kommunane då fleire konsesjonar skifta eigar i løpet av året og det kjem til å bli fleire endringar i komande år.

Sund Fisk A/S i Askvoll som vart seld til Steinvik Fiskefarm A/S i Eikefjord (dette selskapet eig då totalt 3 konsesjonar i Askvoll).

Leif Hatlem Fiskeoppdrett A/S i Hyllestad vart seld til Gulen Laks A/S i Gulen.


Konflikten med EU på grunn av skuldingane om dumpingsal toppa seg i 1996 med at EU innførde minstepris på laks til EU. Ein eventuell straffetoll frå EU kunne fått store konsekvensar for oppdrettsanlegga i desse kommunane (som andre stader i landet). Oppdrettarane i Askvoll, Fjaler og Hyllestad skiller seg elles ikkje ut på nokon måte i høve til oppdrettarar elles i fylket.

Drifta ved kveitekonsesjonane i Askvoll gjekk bra, men var prega av problema med å skaffa ny yngel. Yngelproduksjonen hos klekkeria har no vore tildels mislukka fleire år på rad, noko som lagar vanskar når det gjeld stabil produksjon av kveite hos matfiskprodusentane.

Elles i 1996 hadde oppdrettarane eit bra år med lite sjukdom og relativt gode veksttilhøve til tross for ein kaldare vinter/vår en vanleg.

Oppdrett av skjel er interessant i vårt område på grunn av frisk/rein sjø med god sirkulasjon, og har difor eit stort potensiale. Vi kjem truleg til å få fleire konsesjonar for oppdrett av skjel i desse kommunane i tida som kjem.

Ein art som Fiskerirettleiaren  
potensiale innan oppdrett er  
Denne arten har ein livssyklus  
kysten av Sogn og Fjordane  
føre bels usikkert om  
vil visa seg på sikt. På Shetland driv dei med tråling etter desse skjela som vert omsett under  
namnet "Queenscallops" til relativt gode prisar.



reknar som særskilt interessant, med stort  
Harpeskjel (*Aequipecten opercularis*).  
på berre tre år og det er mengder av yngel på  
som er lett å fange med yngelsamlarar. Det er  
yngeltilgangen er like god kvart år, men det

reknar som særskilt interessant, med stort  
Harpeskjel (*Aequipecten opercularis*).  
på berre tre år og det er mengder av yngel på  
som er lett å fange med yngelsamlarar. Det er  
yngeltilgangen er like god kvart år, men det

### 1.2 FISKE


1996 vert særskilt hugsa for det gode makrellfisket med høgare prisar enn nokon gong og lett tilgjengeleg råstoff. Dette leia til at svært mange kasta seg inn i fisket (mellom anna fleire låssetingsbåtar) og konkurransen om råstoffet vart mykje større enn mange hadde forestilt seg.

Maksimalkvota for fartøya under 70 fot (20.000 tonn) vart oppfiska mykje raskare enn forventa og nokon av båtane kom av den grunn for seint inn i fisket, og tapte ein del pengar på det.

Det vart svært mykje spekulert utover somaren og hausten 1997 i at det kom til å verta strengare reguleringar på makrellfisket i 1997 (deltakarkrav) noko ein merka mellom anna ved at ringnotreiarane, og andre, var ute med uvanleg høge bud på kystnotfartøy av den typen vi har i Askvoll.

Kvotane på sild var også høgare i 1996 enn åra før, og prisane stabile; noko som til saman leia til eit svært godt år for kystnotfartøya.


Brislingfiskarane i distriktet hadde eit relativt bra år også i 1996 med brukbare fangstar i Sognefjorden. Dei fleste brislingfiskarane frå Askvoll og Hyllestad dreiv fiske inst i Sognefjorden



Brislingfiskarane klaga elles over mottakssituasjonen med berre eit fryseskip som reiser rundt og hentar brisling som står i lås. Dette leiar i enkelte høver til svært lang venting for levering og eit system som er tungvint og kostbart. Det var og problemer på grunn av mykje innblanding av småsild (mussa) i fangstane. Fiskarane har ikkje lov til å fiske på denne silda på grunn av at den er under minstemålet og nokon trur elles at småsilda beiter på brislingyngelen slik at det vert mindre brisling. I følge fiskarane er det mindre brisling i Sognefjorden no enn tidlegare. Det vart dreve fiske etter mussa tidlegare til hermetikkbransjen.

Nordfjord var ikkje åpna for fiske etter kystbrisling i 1996.

For kystfiskarane var torskefisket meir som eit normalår. Nokre fiska bra med torsk medan andre ikkje fekk større. Seinare på året var det lokale kystfisket omlag som middels, men det vart fiska noko mindre enn tidlegare grunna nedlegginga av fiskemottaket på Herland. Viser elles til fangststatistikken lenger bak i årsmeldinga.




Ål (*Anguilla anguilla*).

**FISKARMANTAL FOR ASKVOLL KOMMUNE PR. 31.12.96**  
 FORDELING PR. POSTNR.

**Antal fiskarar på blad A og B**


6970 Stongfjorden	9
6976 Kvammen	6
6980 Askvoll	2
6982 Holmedal	8
6985 Atløy	38
6986 Værlandet	33
6987 Bulandet	63
<b>Totalt antal</b>	<b>159</b>



**FISKARMANTAL FOR FJALER KOMMUNE PR. 31.12.96**  
 FORDELING PR. POSTNR.

**Antal fiskarar på blad A og B**


6810 Dale	1
6995 Hellevik	2
6994 Fure	0
6990 Korssund	6
6820 Flekke	1
6828 Straumsnes	2
<b>Totalt antal</b>	<b>12</b>



**FISKARMANTAL FOR HYLLESTAD KOMMUNE PR. 31.12.96**  
 FORDELING PR. POSTNR.

**Antal fiskarar på blad A og B**

5940 Leirvik i Sogn	1
5942 Hyllestad	6
5944 Sørbovåg	2
<b>Totalt antal</b>	<b>9</b>



**Totalt i alle kommunene: 180 fiskarar**

Statistikken ovanfor er frå fiskerirettleiarkontoret sitt eige register og tala er noko ulike i høve statistikken frå Fiskeridirektoratet. Årsaka til dette er uklar, men må ligga i registeret til Fiskeridirektoratet.



## 2.0 SYSSELSETTE I NÆRINGA

### 2.1 SYSSELSETTE I FISKEFLÅTEN

Statistikken på sida framfor (fig. 1) stemmer ikkje heilt overens med fiskarmanntalstatistikken nedanfor. Fiskerirettleiaren har ikkje noko svar på årsaka til dette, men feilen må liggje hjå Fiskeridirektoratet. Fiskerirettleiaren vel likevel å presentere statistikken frå Fiskeridirektoratet då denne enklare kan framstillast i tabell sortert etter alder.

#### Statistiske opplysninger frå fiskarmanntalet pr. 31.12.96.

Antal fiskarar fordelt på alder i dei ulike kommunane. Basert på tal frå Fiskeridirektoratet:

<b>BLAD A</b>							
Aldersfordeling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60->	Tot.
Askvoll	0	0	2	2	5	35	44
Fjaler	0	1	1	0	2	3	7
Hyllestad	0	0	0	0	0	4	4
<b>Totalt A</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>7</b>	<b>42</b>	<b>55</b>
<b>BLAD B</b>							
Aldersfordeling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60->	Tot.
Askvoll	1	35	26	22	25	14	123
Fjaler	0	2	1	1	1	1	6
Hyllestad	0	0	2	1	2	0	5
<b>Totalt B</b>	<b>1</b>	<b>37</b>	<b>29</b>	<b>24</b>	<b>28</b>	<b>15</b>	<b>134</b>
<b>Totalt A og B</b>	<b>1</b>	<b>38</b>	<b>32</b>	<b>26</b>	<b>35</b>	<b>57</b>	<b>189</b>

Fig. 2

Tala frå Fiskerirettleiaren syner framleis ein relativt kraftig nedgang i registrerte fiskarar i 1996. Det same syner statistikken til Fiskeridirektoratet. Forskjellen i tala frå Fiskerirettleiaren og Fiskeridirektoratet er henholdsvis 180 mot 189. Endringane kan visast i følgjande tabell:

	Fiskerirettleiaren sine tal:			Totalt blad A og B
	Blad A	Blad B	Totalt	
<b>1996</b>	55	134	189	180
<b>1995</b>	72	143	215	185
<b>1994</b>	79	135	214	199
<b>1993</b>	73	162	235	215
<b>1992</b>	63	183	246	224

Fig 3. Totalt tal fiskarar på blad A og B i Askvoll, Fjaler og Hyllestad

Utviklinga i antal fiskarar (blad A og B) dei siste 12 åra. Kun tilgjengeleg statistikk for Askvoll kommune (tala er ved starten av kvart år). Statistikk frå Fiskeridirektoratet.

Årstal:	1984	1986	1988	1990	1992	1993	1994	1995	1996
Blad A	57	58	57	48	40	53	63	58	44
Blad B	195	211	210	175	162	141	120	129	123
Totalt	252	269	267	223	202	194	183	187	167

Fig. 4

Statistikken (figur/diagram på side 8) viser at Bulandet og Værlandet som før er dei plassane som er mest avhengige av dei arbeidsplassane som kjem frå fiske. Fiske er det einaste yrket som kan oppretthalda busetnaden på desse plassane.

Tala frå både Fjaler og Hyllestad syner ein nedgang i registrerte fiskarar i høve åra før. Tala har nok svinga både opp og ned dei siste åra men syner no ein markert nedgang i begge kommunane. Ein ser elles at det er ikkje mange fiskarar i desse kommunane i utgangspunktet så små endringar gjev difor store utslag i statistikken.

#### HYLLESTAD

Årstal:	1992	1993	1994	1995	1996
Blad A	6	8	8	6	4
Blad B	7	8	6	7	5
<b>Totalt</b>	<b>13</b>	<b>16</b>	<b>14</b>	<b>13</b>	<b>9</b>

Fig. 5

#### FJALER

Årstal:	1992	1993	1994	1995	1996
Blad A	6	12	8	8	7
Blad B	19	13	9	7	6
<b>Totalt</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	<b>17</b>	<b>15</b>	<b>13</b>

Fig. 6


Totalt i heile fylket pr. 31.12.96 var det 1387 fiskarar på blad A og B fordelt slik:

**Blad A**                      **Blad B**  
323(336 fiskarar 1080(1051 fiskarar

Dette er **16 fleire (54)** enn på samme tid året før (eller ein oppgang på 1,14 %). Ein kan altså sjå ein tendens her at det vert fleire fiskarar i fylket over fleire år, medan tala viser ein markert nedgang i fiskarar for Askvoll, Fjaler og Hyllestad. Litt deprimererande lesing med andre ord.

Likevel aukar altså Askvoll *verdien* av den ilandførde fangsten i 1996 i høve året før.

I fylkessamanheng hadde Askvoll, Hyllestad og Fjaler 17,0 % av fiskarane på blad A og 12,4 % av fiskarane på blad B i 1996.



Laks (*Salmo salar*)

## 2.2 SYSSELSETTE I FISKEINDUSTRIEN

Når det gjeld sysselsetjing i fiskeindustrien vert denne framstilt i årsmeldinga for 1996 på same måte som i årsmeldinga for året før. Det er berre mindre endringar i desse tala. *Fiskeriretteleiaren har valt å ta med slakte/pakkestasjonar for oppdrettsfisk som fiskeindustri.* I statistikkane for sysselsetjing er difor **alle** verksemdar som arbeider med fisk, tekne med.

Den **direkte** sysselsetjinga innan fiskeindustrien 1996 vart som følgande:

### ASKVOLL

<u>FISKEMOTTAK:</u>	Antal årsverk
Bulandet Fiskeindustri A/S	9 (15 fast tilsette + 15 sommervikarar)
Nikøy A/S, Bulandet	1
Tviberg fiskemottak A/S, Atløy	0 (nedlagt våren 1996)
Sund fiskemottak A/S, Flokenes	0,5
<u>HERMETIKK:</u>	
Sigurd Løkeland Hermetikkfabrikk	11 (ca. 20 tilsette i krabbesesongen)
<u>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</u>	
Landøy Fiskeoppdrett, Værlandet	5
Sund Fisk A/S, Flokenes	12
<b>Totalt antal årsverk:</b>	<b>48,5</b>

### EJALER

<u>FISKEMOTTAK:</u>	Årsverk
Norsalmon Fure A/S, Grytøyra	0 (tok ikkje mot kvitfisk i 1996)
<u>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</u>	
Norsalmon Fure A/S, Grytøyra	5
Hatløy Fiskeoppdrett A/S, Korssund	5 (11 - 16 tilsette i periodar med slakting).
<b>Totalt tal sysselsette:</b>	<b>10</b>

**NB!** Antal årsverk nevnt ovanfor innan slakting/pakking av laks (5 årsverk) er eit reint gjennomsnittleg erfaringstal basert på statistikk laga av Fiskeridirektoratet.

### HYLLESTAD

I Hyllestad var det i 1996 framleis ingen registrerte fiskemottak. Dei som er tekne med her er difor mottaks- og pakkeanlegg for laks.

	Antal årsverk
<u>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</u>	
Fjordfisk A/S, Sørbovåg	5
Leif Hatlem Fiskeoppdrett A/S, Hyllestad	5
Edgar Hatlem, Sørbovåg	0 (slakta ikkje fisk i 1996)
<b>Totalt tal sysselsette:</b>	<b>10</b>

## 2.3 SYSSELSETTE I HAVBRUKSNÆRINGA

Oversikta over **direkte** sysselsetjing pr. 31.12.96 innan havbruksnæringa. Tal frå Fiskeridirektoratet basert på innsamling av statistiske opplysningar (innleverte skjema med nøkkeldata) frå oppdrettarane.

Kommune:	Ant. anlegg i drift	Personar	Timeverk (matfisk)
ASKVOLL	5 matf.	11	16850
FJALER	5 matf.+ 1 smolt	18	19276
HYLLESTAD	4 matf.+ 6 smolt	24	33850
<b>Til saman:</b>		<b>53</b>	

Fig. 7

Indirekte arbeidsplassar innan havbruksnæringa kjem i tillegg til tala ovanfor. I avleia/indirekte verksemd reknar ein 3 årsverk pr. årsverk.

Indirekte arbeidsplassar som ein følge av oppdrettsnæringa omfattar sal av tenester og varer. Døme på dette er transport, fôrproduksjon, eksportørar, produksjon og sal av nøter, tauverk, merdar og anna utstyr. Dette gjeld både innafor og utafor kommunen.

Oppdrettsnæringa kan difor kanskje seiast å være meir viktig i desse kommune enn folk flest trur med tanke på verdiskapning og arbeidsplassar.

### 3.0 FISKEFLÅTEN

Nøkkeltal frå merkeregisteret pr. 31.12.96:

Lengde i meter	ASKVOLL	FJALER	HYLLESTAD
0,0 - 4,9	4	0	0
5,0 - 9,9	86	5	4
10,0 - 14,9	13	8	0
15,0 - 19,9	3	0	0
20,0 - 24,9	5	0	0
25,0 - 29,9	0	0	0
30,0 - 34,9	0	0	0
35,0 - 39,9	1	0	0
40,0 - 44,9	0	0	0
45,0 - 49,9	0	0	0
50,0 og over	0	0	0
<b>Totalt:</b>	<b>112</b>	<b>8</b>	<b>4</b>

Fig. 8

Tabellen er basert på tal frå Fiskeridirektoratet

Ser ein på statistikken for merkeregisteret i Askvoll er det framleis ein svak nedgang i tal fartøy i høve året før (112 mot 116(118) året før). I Fjaler er det ein større nedgang (1995-15, 1994-16) i høve året før, og i Hyllestad er det ingen endringar.

#### Fartøy med kvote for fiske etter torsk i 1996 (nord for 62 gr.n.br.):

SF-6-A "SJØVÆR", Bulandet	SF-247-A "BUEFIJORD", Bulandet
SF-9-A "RANDIR", Atløy	SF-300-A "GOULD DOLLAR", Bulandet
SF-67-A "LANDØYVÆRING", Værlandet	SF-333-A "TJELLNES", Værlandet
SF-123-A "SJØGLANS", Atløy	

Aldersfordeling på fiskefartøya i Askvoll kan visast på denne måten:

Lengde	Før 1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-89	Etter 1989
0,0 - 4,9			1		1	2	
5,0 - 9,9		2	5	12	23	38	
10,0 - 14,9	2			1	3	5	2
15,0 - 19,9		1		1		1	
20,0 - 24,9			1	2		2	
25,0 - 29,9							
30,0 - 34,9						1	
35,0 - 39,9							
40,0 - 44,9							
45,0 - 49,9							
50,0 og over							
Totalt	2	3	7	20	29	48	2

Fig. 9

I tillegg til fartøya ovanfor er det 6 båtar i storleiken 5.0 - 9.9 meter som har ukjent alder.

Det er svært små endringar i denne statistikken i høve til året før (1995). Det er verdt og merke seg at vi ikkje har nokon fartøy nyare enn 1994 i Askvoll uansett storleik, og svært få nyare enn 1990. Det betyr med andre ord om lag inga fornying/utskifting dei siste 7 åra.

Oversikt over byggemateriale i båtane frå Askvoll i 1996 kan framstillast slik:

Stål	6 båter
Tre	49 båter
Plast	57 båter

### Fartøy over 13 meter. Grov oversikt over fiskeriaktivitet i 1996:

SF-6-A "SJØVÆR" - Autolinefiske. Einaste havgåande linebåt i Askvoll.

SF-50-A "VESTØY" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-97-A "VESTERVON" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-247-A "BUEFJORD" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale. Har torskekvote.

SF-123-A "SJØGLANS." - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale. Har torskekvote.

SF-220-A "HILLERSØY" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-300-A "GOULD DOLLAR" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale. Har torskekvote.

SF-148-A "GRETA ELIN" - Fiske med not etter brisling og sild.

SF-67-A "LANDØYVÆRING" - Kystfiske med garn etter torskefisk (brosme, lange, hyse m.m.), pigghå og breiflabb, makrelldorg. Har torskekvote.

SF-333-A "TJELLNES" - Kystfiske med garn og line etter torskefisk (brosme, lange, hyse m.m.), pigghå og breiflabb, makrelldorg. Har torskekvote.

Det var i 1996 **ingen** merkeregistrerte båtar over 13 meter i Hyllestad og Fjaler.

### 3.1 LEVERANSAR FRÅ DEN LOKALE FISKEFLÅTEN

#### 3.1.1 ASKVOLL

Fiskeflåten som høyrer heime i Askvoll leverte totalt 13.483 tonn fisk i 1996 fisk til ein førstehandsverdi på kr. 49.501 mill. Tala for 1995 var henholdsvis 13.722 tonn til ein førstehandsverdi på kr. 45.540 mill.

Statistikken nedanfor er henta frå Fiskeridirektoratet og er *førebels statistikk pr. 14.03.97*. Mengdetal er i rund vekt. (\*\* betyr anonymisert - mindre enn 3 fartøy)

Fiskeflåten heimehøyrande i Askvoll sine leveringar i **eiga kommune**:

Storleik fartøy	Ant. fart. med. lev.	Torska. fisk		Sild/brisling		Makrell/lodde		Reke		Andre art.		Totalt	
		tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.
0 - 7,9 m.	25	24	131							50	243	74	374
8 - 12,9 m.	20	73	392			3	24			84	658	159	1074
13 - 24,9 m.	7	425	1026							15	54	440	1080
25 - 39,9 m.	**	**	**							**	**	**	**
40 m. og over Ikkje oppgitt													
<b>Totalt</b>	<b>53</b>	<b>5221</b>	<b>1549</b>			<b>3</b>	<b>24</b>			<b>149</b>	<b>1139</b>	<b>1022</b>	<b>2712</b>

Fig. 10


Fiskeflåten heimehøyrande i Askvoll sine leveringar i **andre kommuner**:

Storleik fartøy	Ant. fart. med. lev.	Torska. fisk		Sild/brisling		Makrell/lodde		Reke		Andre art.		Totalt	
		tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.
0 - 7,9 m.	4	2	19							0	0	2	19
8 - 12,9 m.	16	44	316	6	12	46	208			5	69	100	604
13 - 24,9 m.	9	1050	6420	6140	10775	1953	12245			2	17	9146	29457
25 - 39,9 m.	**	**	**							**	**	**	**
40 m. og over Ikkje oppgitt	3	0	3	904	1449	430	2250					1335	3702
<b>Totalt</b>	<b>33</b>	<b>2920</b>	<b>19273</b>	<b>7050</b>	<b>12237</b>	<b>2429</b>	<b>14703</b>			<b>62</b>	<b>576</b>	<b>12461</b>	<b>46789</b>

Fig. 11

53 av i alt 116 registrerte fiskefartøy i Askvoll har levert fangstar i Askvoll kommune. Dette er ein svak nedgang frå året før (54).

49 fiskefartøy frå andre kommunar enn Askvoll, har levert fisk i Askvoll kommune. Dette er ein god del færre enn året før (68). I denne statistikken ligg truleg også leveransar av notsei med brønnbåt til Bulandet Fiskeindustri A/S.



Brosme (Brosme brosmes)

### Framande fiskefartøy sine leveringar i Askvoll kommune:

Storleik fartøy med. lev.	Ant. fart.	Torska. fisk		Sild/brisling		Makrell/lodde		Reke		Andre art.		Totalt	
		tonn	1000 kr	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.
0 - 7,9 m.	7	8	26							11	55	19	81
8 - 12,9 m.	28	670	1475			0	2			60	286	730	1763
13 - 24,9 m.	9	325	717							4	14	329	731
25 - 39,9 m.	**	**	**							**	**	**	**
40 m. og over ikkje oppgitt	4	5	30			61	172			1	5	67	208
Totalt	49	1038	2341			61	174			77	362	1176	2876

Fig. 12

### 3.1.2 FJALER

#### Fiskeflåten heimehøyrande i Fjaler sine leveringar i andre kommuner:

Storleik fartøy med. lev.	Ant. fart.	Torska. fisk		Sild/brisling		Makrell/lodde		Reke		Andre art.		Totalt	
		tonn	1000 kr	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.	tonn	1000 kr.
0 - 7,9 m.	**	**	**							**	**	**	**
8 - 12,9 m.	5	0	2	2	8	35	137			27	331	64	478
13 - 24,9 m.	**	**	**							**	**	**	**
25 - 39,9 m.													
40 m. og over ikkje oppgitt													
Totalt	7	9	70	2	8	35	137			34	354	80	570

Fig. 13

Frå fiskeflåten heimehøyrande i Hyllestad er det registrerte leveringar i Fiskeridirektoratet sin statistikk for 1996, men tala er anonymiserte på grunn av at dei gjeld færre enn 3 fartøy.

## 4.0 FISKEINDUSTRIEN

Det vart ein heil del endringa i strukturen til fiskeindustrien/fiskemottaka i regionen i 1996. Sund Fisk A/S inkl. Sund fiskemottak A/S vart seld til Steinvik Fiskefarm A/S i Eikefjord. Dei satsar på å drive fiskemottaket som tidlegare og på ei gradvis utvikling/utbygging av lakseslakteriet.

Tviberg Fiskemottak A/S på Herland vart lagt ned for godt påska 1996. Årsaka til dette er i følge Vidar Tviberg liten/ustabil aktivitet og omfattande pålegg frå Kontrollverket. Askvoll har dermed berre to lokale fiskemottak igjen (Nikøy A/S i Bulandet og tidl. Sund Fisk i Flokeneset).

Utsiktene for dei lokale fiskemottak er ikkje særleg lyse sett ut frå det faktum at ein her kan snakke om ein slags ond spiral. Til fleire fiskemottak som vert lagt ned, til dårlegare grunnlag vert det for den lokale kystfiskeflåten som igjen gir dårlegare grunnlag for dei resterande fiskemottaka.

Eit lyspunkt er at Sigurd Løkeland Hermetikkfabrikk var i drift som tidlegare og ser no ut til å klare å få innarbeidd det gamle varemerket sitt på nytt. Dei har i allefall ikkje større problem med å verte kvitt krabbehermetikken.

Arbeidet med bygginga av ein ny Bulandet Fiskeindustri A/S byrja i 1996 og skal verte ferdig våren 1997. Den offisielle åpninga er planlagt til august 1997. Det vert eit av dei mest avanserte anlegga av sitt slag i Noreg.

## Foredlingsanlegg i Askvoll:

### **A/S Nikøy Fiskemottak , Bulandet**

Fiskemottaket A/S Nikøy tok mot fangstar frå lokale båtar/sjarkar. Storparten av fangsten vart isa i kasser og sendt til Bergen eller Måløy. Ein mindre del av fisken vart solgt direkte til kunder i fylket. A/S Nikøy sender produserte også ein del saltfisk for vidare produksjon til klippfisk og røykt makrell og lokalt sal.

### **Tviberg Fiskemottak A/S, Atløy**

Vidar Tviberg tok mot fisk fram til påska 1996 då drifta ved fiskemottaket vart lagt ned for godt. Vidar Tviberg opplyste til Fiskerirettleiaren at han la ned verksemda på grunn av låg aktivitet og omfattande pålegg frå Kontrollverket. Han vil satsa på å drive fiske i staden for fiskemottak.

### **Sund fiskemottak A/S, Flokenes**

Nils Sund sitt lakseslakteri og fiskemottak vart seld i 1996 seld til Steinvik Fiskefarm A/S i lag med Sund Fisk A/S sine konsesjonar for oppdrett av laks og kveite. Drifta ved lakseslakteriet vart straks etter salget effektivisert og auka slik at verksemda no gjev sysselsetting på heiltid for dei som arbeider i lakseslakteriet. Alex Vassbotten v/Steinvik Fiskeoppdrett A/S opplyste då dei kjøpte veksemda at dei har planar om utviding av lakseavdelinga (filétproduksjon) og satsar elles på å drive fiskemottaket som tidlegare.

### **Bulandet Fiskeindustri A/S, Bulandet**

Tok i mot sild og levande sei/pale for filétproduksjon. Produkta deira vart vidare solgt hovudsakleg på innalandsmarknaden av Hallvard Lerøy A/S i Bergen som er medeigar i Bulandet Fiskeindustri A/S. Bygginga av den nye Bulandet Fiskeindustri A/S vart starta i 1997 og forventa fullført våren 1997. Arbeidet gjekk stort sett som planlagt i 1996 til tross for ein del avbrekk i tida før jul på grunn av at produsenten av betongelement ikkje klarte å levera dei raskt nok.

## Foredlingsanlegg i Fjaler:

### **Norsalmon Fure A/S, Grytøyra**

Drifta ved Norsalmon Fure A/S (tidl. Fure Edelfisk A/S) var hovudsakleg basert på slakting/pakking av laks. Det vart i 1996 ikkje teke mot kvitfisk frå lokale fiskebåtar/sjarkar på Fure Edelfisk.

I Hyllestad var det i 1996 framleis ingen foredlingsanlegg/mottak for kvitfisk.

## 6.0 HAVBRUKSNÆRINGA

Sund Fisk A/S vart i 1996 seld til Steinvik Fiskefarm A/S v/Alex Vassbotten i Eikefjorden (Flora). Dette salet omfatta både oppdrettskonsesjonane (laks/aure og kveite) og slakteriet i Flokeneset.

Leif Hatlem Fiskeoppdrett A/S i Hyllestad vart seld i 1996 og har skifta namn til Gulen Laks A/S. Edgar Hatlem Fiskeoppdrett har skifta namn til E. H. Fish A/S i 1996.

Elles fekk vi fleire nye skaldyrkonsesjonar i 1996. Sunnfjord Skjell A/S på Grytøyra fekk konsesjon for oppdrett av skjel. Dei som står bak dette selskapet er: Ole Hatløy, Torleif Einen og Frode Folkestad. Dei kjem truleg til å satsa hovudsakleg på kamskjel og harpeskjel.



Ytrøy Skjelloppdrett v/Laila Ytrøy Landøy, Værlandet i Askvoll fekk konsesjon for oppdrett av skjel ved Kleivaholmen i Værlandet. Ho og mannen vil hovudsakleg satsa på oppdrett av kamskjel og harpeskjel i korgar og på botnen.


Oversyn over tal *matfiskkonsesjonar for laksefisk* i desse kommunane og samla volum:

ASKVOLL	Volum	
Vilnes Fiskeoppdrett A/S, 6985 Atløy	5000 m <sup>3</sup>	
Værøy Fiskeoppdrett A/S, 6986 Værlandet	12000 m <sup>3</sup>	
Landøy Fiskeoppdrett A/S, 6986 Værlandet	12000 m <sup>3</sup>	
Flokenes Fiskefarm A/S, 6976 Kvammen	12000 m <sup>3</sup>	
Sund Fisk A/S, 6976 Kvammen	12000 m <sup>3</sup>	
Sandøy Fiskeoppdrett A/S, 6987 Bulandet	<u>12000 m<sup>3</sup></u>	
<b>Sum</b>	<b>65000 m<sup>3</sup></b>	
FJALER		
Gjøllanger Fisk A/S, 6995 Hellevik	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for 1.000.000 settefisk
Sessalaks A/S, 6995 Hellevik	12000 m <sup>3</sup>	
Hatløy Fiskeoppdrett A/S, 6990 Korsund	12000 m <sup>3</sup>	
Lammetun Fiskeoppdrett A/S, 6990 Korsund	12000 m <sup>3</sup>	
Sandnes Fiskeoppdrett A/S, 6994 Fure	<u>12000 m<sup>3</sup></u>	
<b>Sum</b>	<b>60000 m<sup>3</sup></b>	
HYLLESTAD		
Fjordfisk A/S, 5944 Sørbovåg	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for 130.000 settefisk.
Gulen Laks A/S, 5942 Hyllestad	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for klekkeri (laksefisk).
E. H. Fish A/S, 5944 Sørbovåg	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for 20.000 settefisk.
Aris Fiskefarm A/S, 5942 Hyllestad	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for 400.000 settefisk
Port Salar A/S, 5944 Sørbovåg	12000 m <sup>3</sup>	
Sognelaks A/S, 5940 Leirvik	<u>12000 m<sup>3</sup></u>	
<b>Sum</b>	<b>72000 m<sup>3</sup></b>	

*Totalt volum i Askvoll, Fjaler og Hyllestad* 197000 m<sup>3</sup> (dette gjeld oppdrett av laksefisk)

Det var i 1996 **to** firma som **kun** hadde konsesjon for produksjon av settefisk i Hyllestad, **i tillegg til dei som er nevnt ovanfor**. Dette er Ulvik Settefiskanlegg, 5944 Sørbovåg med 400.000 stk., Åfjorddal Smolt Oppdrett A/S, 5940 Leirvik med 150.000 stk.

Samla i 1996 var det i Hyllestad konsesjon for produksjon av 1.100.000 settefisk (ingen endringar frå året før).



Pigghå (*Squalus acanthias*)

Når det gjeld konsesjonar for oppdrett av **andre arter enn laks og aure**, er det i Askvoll konsesjonar for oppdrett av både torsk, kveite og ål. Pr. 31.12.96 var følgjande konsesjonar gjeldande:

<b>ASKVOLL</b>	<b>Volum:</b>
Akvarius A/S, 6980 Askvoll	12000 m <sup>3</sup> - kveite.
Liv Ytterøy Landøy, 6986 Værlandet	40 m <sup>3</sup> - oppdrett av ål i ferskvatn.
Steinvik Fiskefarm A/S, 6976 Kvammen	5000 m <sup>3</sup> - kveite.
Norøy Akva ANS, 6987 Bulandet	<u>4000 m<sup>3</sup></u> - torsk.
<b>Sum</b>	<b>10000 m<sup>3</sup></b>

I **Fjaler og Hyllestad** var der i 1996 ingen som hadde konsesjon på oppdrett av andre artar enn laks og aure.

## 6.1 PRODUKSJON I HAVBRUKSNÆRINGA

	Fast tilsette	Timeverk	Prod. (tonn) laks og aure	Verdi (kr. ) laks og aure
<b>ASKVOLL</b>	11	16850	1363,6	23.107.300
<b>FJALER</b>	18	19276	1503,1	29.223.500
<b>HYLLESTAD</b>	24	33850	2555,9	49.085.700

Fig. 14

Kjelde: Tala ovanfor er statistikk frå Fiskeridirektoratet basert på innsendte skjema med nøkkeldata frå oppdrettarane og gjeld perioden 1. jan - 31. des. 1996.

## 6.2 BIOMASSE I ANLEGGA

	Biomasse av laks og aure (tonn)
<b>ASKVOLL</b>	743,5
<b>FJALER</b>	1768,4
<b>HYLLESTAD</b>	1239,9

Fig. 15

Kjelde: Tala ovanfor er statistikk frå Fiskeridirektoratet pr. 31. des. 1996 basert på innsendte skjema med nøkkeldata frå oppdrettarane .

## 7.0 ANDRE OPPLYSNINGER

Ei gruppe i Askvoll med Ove Vilnes i Artic Shipping & Finance frå Atløy i spissen kjøpte seg inn i ein kystnotbåt frå Berlevåg som heiter "Stig Willy". Båten var registrert i Berlevåg i Finnmark fylke, men hovudtyngda av mannskap og eigarinteresser kjem frå Askvoll.

Nils Sund frå Flokenes som selde oppdrettsverksemda si til Steinvik Fiskefarm A/S i Flora, kjøpte ein kystfiskebåt i lag med Arild Johansen, Flokenes frå Gratangen i Troms fylke. Båten heiter "Vikingfjord" og er framleis registrert i Gratangen. Dei satsar på å drive fiske med not og garn.

## 7.1 FISKERINEMNDENE

Askvoll fiskerinemnd består av: Asle Fedøy, Bulandet, formann.

Eva Sund, Kvammen, nestformann.  
Tore Hillersøy, Bulandet.  
Inge Storehaug, Kvammen.  
Signe Marie Landøy, Værlandet.

**Varamedlemmer i proritert rekkefølge:**

1. Knut M. Landøy, Værlandet.
2. Tore Landøy, Værlandet.
3. Wenche Landøy, Værlandet.
4. Atle Fedøy, Bulandet..
5. Inger Lise Saltskår, Atløy.

**Hyllestad og Fjaler fiskerinemnd består av:**

Oddvar Herland, Sørbøvåg, formann.  
Rolf B. Aralden, Korssund, nestformann.  
Geir Grytøyra, Fure.  
Edgar Hatlem, Sørbøvåg.  
Irene Bøe, Hyllestad.

**Personlege varamedlemmer:**


Dagfinn Dumben, Sørbøvåg.  
Leif Hatløy, Korssund.  
John Kåre Myklebust, Korssund.  
Leif Hatlem, Hyllestad.  
Sølvi Hatlem, Sørbøvåg.


I Askvoll fiskerinemnd vart det halde tre ordinære møter og eit telefonmøte i 1996 der fiskerinemnda handsama totalt 16 saker.

I Hyllestad og Fjaler fiskerinemnd vart det halde fire ordinære møte i 1996 der fiskerinemnda handsama totalt 6 saker.

Askvoll 13.11.97

Fiskerirettleiaren i Askvoll og Hyllestad

  
Eivind Aarseth



Breiflabb (*Lophius piscatorius*)